

Sandneshagen nørdre



Av Knut Raastad, 2017

Nørdre Sandneshagen ligg i Nordherad ovanfor Sandnes. I daglegtale blir dette nemnd som Nordi-Hågå.

I liste over husmannspenger til kyrkja er nemnd Hans Hagen i 1776, i 1780 er nemnd Hans Olsen som husmann under nordgard Sandnes. I 1801 var Hans Olsen husmann med jord, han var dessutan skomakar. Hans f.ca.1749 d.1822 vart 1778 gift med Else Johansdotter 1756-1841, dei hadde 5 barn:

- Sigri Hansdtr. f. 1783
- Johan Hansen f. 1788
- Sigri Hansdtr. f. 1790
- Hans Hansen f. 1791
- Ole Hansen f. 1793
- Hans Hansen f.1797, neste brukar

Skomaker Hans Hansen Sannæsejet 1797-1868 vart 1821 gift med Anne Olsdtr. Brenden, Dovre 1798-1849. Dei fekk 3 barn:

- Hans Hansen 1822-1851, neste brukar
- Kari Hansdtr. 1825-1917, seinare brukar
- Else Hansdtr. 1828-1831

Hans Hansen Sandnæseie 1822-1851 vart 1847 gift med Marit Johandtr. Haagenstadeie f.ca.1824 dotter til Johan Olsen Haagenstadeie. Hans og Marit hadde 3 barn:

- Johan f.1845
- Anne f.1847
- Ole f.1850, g.m. Guri Johnsdtr. Blessumeie f.ca.1850. I Blessumløkken, Randsverk seter og seinare til USA.

Kari Hansdtr. 1825-1917 vart 1852 gift med Ole Johnsen søre Sanneshagen 1829-1894 og i 1865 var han husmann med jord. Hans Johnsen f. 1796 var føderådsmann. I 1875 var dei inderstar på Vaarstad (Neslykkja), Ole arbeidde på nordgard Sandnes. Det var truleg Kari som i 1900 budde i Sandnesulen. Ole og Kari hadde 6 barn:

- Anne f. 1852
- Andrea f. 1854
- Rønnaug f. 1857
- Anne f. 1860
- Hans f. 1864
- Johanne f. 1868

I 1875 var Syver Olsen f.1826 husmann med jord, son til Ole Syversen Sundeeie. Nørdre Sandneshagen vart skyldsett i 1877 (tinglyst 1880) som gnr. 89 bnr. 2. Syver vart 1848 gift med Anne Engebretsdtr. Snerleeie f.1824, dei hadde barna

- Ole Syversen f. 1849, neste brukar

Beret Marie Syversdtr. f. 1854

Ole Syversen f.1849 er nemnd som sjølveigar i 1880. Men i 1882 er det faren Syver Olsen som skjøte Sandneshagen til Thor Blakar for 1400 kr. Ole Syversen var gift med Kjerstin Anne Eriksdotter, dei hadde 1 barn:

Edvard f.1880

Ca. 1895 kjøpte Jo(hn) Myren garden (opplysn. Norske Gardsbruk). I 1886 og 1888 var familien i Myren og frå 1891 i Sanneshagen. Etter at Jo Myren overtok har Myre i Synstliene vore brukt som seter. Jon Myren 1851-1935 var son til Iver Jonsen Nettet 1825-1909 og Ymbjør Johannesdtr. Vang 1832-1910. Jon var gift med Ragnhild Syversdtr. Kalbakk 1865-1937, dei hadde 8 barn:

Ivar 1886-1954, gift med Ymbjør Andersdtr. s. Nettet f. 1886

Kari f. 1888, gift med Ole Pedersen Øfsteng, til vestlandet

Ymjørg f. 1891, gift med Kristian Olsen Lien (Otta)

Syver 1893-1918, til USA, død i Frankrike som soldat

Johannes 1896-1983, neste brukar

Anne 1899-1984, gift med Hans Knutsen Brenden 1888-1965

Jon f. 1905, gift med Astrid Alm (på Hedemarken)

Anton f. 1909, gift med Asta Nyhus (på Hedemarken)

Da Jon Myren kjøpte garden vart det ikkje skrivi skjøte, skjøte frå samtlege arvingar etter Thor Blakar og hustru til John I. Myren for kr 1200,- er frå 1926/1927. Samtidig er det skjøte til sonen Johannes Hagen på Hagen og bygselbruket Myren for kr 3000,- samt føderåd kr 1500,- for 5 år (inkl. løsøre og besetning). Johannes Hagen vart 1927 gift med Anna Sveum 1901-1989, dotter til Iva Gudbrandstuen og Mari Sveum. Johannes og Anna hadde 2 barn:

Johan 1927-1939

Margit f. 1938

Margit gift 1965 med Jakob Øien f. 1940, son til Matias Øien f. 1898 og Livø Grev f. 1904. Margit og Jakob overtok i 1969, men bur i Skjåk. Dei har 2 barn:

Ivar f. 1965

Jo f. 1968, neste brukar

Jo Øien overtok i 2001 og har busett seg på garden etter at det ei tid ikkje har budd nokon der. Han er sambuar med Nina Ophaug. Barna er

Martine f. 1995

Anders

Ingrid

Tea

I 1875 var det i nördre Sandneshagen 1 hest, 2 kyr, 4 sauer og 5 geit. Det vart sådd 2 tønner bygg, 1/5 blandingskorn, litt rug og erter og 1/2 tønne poteter. Ti år før var det ikkje hest, berre 1 ku og sådd under halvdelten så mykje korn.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 131

Folketelling 1801, 1865, 1875 og 1900

Liste husmannspenger til kyrkja

Panteregister, grunnbok

1881.no